

Appell av Anndi Lomeland Jakobsen StavangerIKFF

KRYSTALLNATTA --- eit forvarsel på 2 verdskrig. I dagboka si, skriv Ruth Mayer, ei vanleg jente frå ein velståande tysk- jødisk familie om livet før, under og etter krystallnatta. Ho beskriv korleis trakassering utviklar seg til vald og til slutt ein destruktiv krig. Korleis eit godt liv endrar karakter, splittar familien og ho vert send til Norge for å unngå Hitler og nazistane. Men ho blir innhenta og deportert med Donau til gasskammeret i november 1942. Få har gitt rasisme eit så gripande blikk nedafrå. Boka er tilrettelagt av Jan Erik Vold og er å anbefala på det sterkaste.

Krystallnatta skjer nå for nokon. Kanskje er det ikkje glass som vert knust, men håp og draumar og moglegheit for skapa seg eit verdig liv. De som er her kjenner sikkert einkvan som av farge, tru, eller legning vert diskriminert. Me skal ikkje gløyma fortida, men likeverd og respekt for minoritetar er ikkje noko som er vunne for alltid, det må kjempast for dagleg. Det skjer her kor me samlast for å nedkjempa rasisme i dag.

Eg vil særleg peika på ei gruppe her heima. Uretturnerbare flyktningar, folk som har vore her i årevis, som styresmaktene meiner ikkje har beskyttelses behov, men som likevel ikkje kan returnerast ,Dei har ingen rettigheter, er fråtekne retten til å arbeida, vert totalt oversett av myndighetene og forsøkt gjera usynlege. Å oversjå, gjera usynleg er og ei form for trakassering. Kanskje den verste.

5. september 2018 var ein skuledelegasjonen frå Stavanger i begravelsen til ein lærar i Duma, ein liten landsby utafør Nablus. Eit lite utbrent hus, ein gut på fire med store brannskader, var det som var att av ein familie på fire. Settlarar hadde hive ein molotovcocktail inn i det vesle huset deira. På muren utafør huset stod det med store hebraiske bokstavar. Stor er messias! Tydelegvis ein annan messias en den me snakker om i kyrkjene våre!

Den minste guten på 18 månader omkom i brannen. Far døydde nokre dagar seinare. Han greidde å berga ut guten på 4 år. Me var i begravelsen til mora som døydde då me var gjester i Nablus.

Forteljingane er endelause. Små born som blir henta på natta i heimane sine, tekne med til fengsel utan at foreldre får bli med dei eller vita kor dei er. Ungdomar som blir fengsla utan lov og dom, trakassert og torturert. Hus som blir jamna med jorda av bulldosarar. Vaksne, gamle menn og koner som blir audmjuka på sjekkpunkta.

Korleis kan verda stå og sjå på? Men er det ikkje den same verda som stod likegyldige og såg på jødeforfølginga. Såg gule stjerner bli sett på brystet, utestenging og slag, berre fordi dei var jødar.

Årsaka til andre verdskrig var mangel på konstruktiv kritikk, sa Barthold Brecht

Kvinneligaen for Fred og Frhet meiner at vegen til fred går gjennom rettferd og likeverd, ikkje utbytting og grådighet. Vegen til ei betre verd går gjennom respekt for enkeltmenneske, den går gjennom haldning og handling som støttar opp om eit slikt menneskesyn.

Någen meine freden skal sikrast gjennom militær opprustning. ER det slik? Flykte folk i tusenvis om det ikkje er på grunn av krig eller svolt?

Var det ikkje eit betre forsvar om ein søkte å bekjempe fattigdom og uretten. Freden er avhengig av rettferdighet, fordeling av goder, og av respekt for mennesket uavhengig av rase, religion, legning. Det må me kjempa for i det den heimslege politikken, så vel som i den globale.